

Søknad

Søknadsnr.	2019-0258	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Profil og merkevarebygging av Sogn			

Kort beskrivelse

Utarbeide profil- og merkevare for Sogn, etter vedtak i Sogn regionråd 14. juni 2019.

Prosjektbeskrivelse

Sogn har ein sterk felles identitet i dag, og regionen arbeider godt i lag. Regionrådet sine mange aktivitetar er alle gode døme på dette, det same er dei ni kommunane sitt felles reiselivsarbeid gjennom Visit Sognefjord. Samtidig blir Sogn ein del av eit større fylke ved årskiftet, og det blir viktig å styrke Sogn som region. Sogn regionråd har difor vedteke (14.06.19) å starte arbeidet med eit felles profil og merkevareprosjekt for Sogn. Målet er å utvikle eit verktøy for næringsliv, kommunar og andre som vil bygge regionen.

Merkevare er meir enn ein logo med grafiske element, det er sjølve beskrivinga av kven me er og kva me står for. Sogn er, og vil framleis vere, ulike kommunar som har ulike eigenskapar – men Sogn har òg mykje som er felles for alle. Ved å spele på dei ulike kvalitetane i kommunane kan me saman styrke arbeidet med sysselsetting, tilflytting, næringsutvikling og reiseliv under ei felles fane.

Næringsmedarbeidarane har i sin kontakt med næringslivet fått tilbakemelding over tid om at attraktivitet og merkevara til bu-regionen er viktig for at deira stillingar skal bli oppfatta som attraktive. Dei same meldingane er tydelege frå leiarane av dei større offentlege verksemdene i regionen, som peikar på dette som eit av dei viktigaste felta som kommunane kan vere med å løyse som ein del av vertskapsrolla.

Det ein søker om midlar til no er å få på plass grafisk profil og ein tydleg definisjon av merkevara Sogn. I etterkant vil den store jobben vere å fyller merkevara Sogn med innhald. Sjølv om den er stor, og vil krevje ressursar, så er det konkret og handgripeleg for mange aktørar i regionen. Mange har signalisert vilje og motivasjon for å ta del i dette arbeidet, men først må ein få på plass utgangspunktet: Ein gjennomarbeidd profil og ei god beskriving av merkevara Sogn.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Sogn Regionråd Org.nr:974814439	Gravensteinsgata 17 6851 SOGNDAL	90830284
Kontakt- person	Sogn Regionråd	- 6851 SOGNDAL	90830284
Prosjekt- leder	Sogn Regionråd	- 6851 SOGNDAL	90830284

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling i 2016 kr 50 000 til Sogn regionråd og Ungt Entreprenørskap til prosjektet Entreprenøriell verktøykasse.

Det blir søkt om tilskot til nærings- og samfunnsutvikling til prosjektet Sogn for alle - integrering og inkludering

Spesifikasjon

Bakgrunn

Sogn har ein sterk felles identitet i dag, og regionen arbeider godt i lag. Regionrådet sine mange aktivitetar er alle gode døme på at ein er gode på å løfte i lag, det same er dei ni kommunane sitt felles reiselivsarbeid gjennom Visit Sognefjord. Som ei følgje av regionreforma blir det viktig å styrke Sogn som region. Sogn regionråd har difor vedteke (14. juni 2019) å starte arbeidet med eit felles profil og merkevareprosjekt for Sogn.

Prosjekt mål

Resultat på lang sikt:

Sogn er godt kjent som ein av dei mest attraktive regionane i landet for å bu, skape næring og besøke, og har eit tydeleg og sterkt omdøme.

Resultatmål:

Ferdig utvikla grafisk profil og merkevare.

Effekt mål:

Sterkere felleskjensle og større fokus på den regionale merkevara på tvers av sektorane i Sogn.

Forankring

Vedtak om oppstart av prosjektet i Sogn regionråd 14. juni. Det er også forankra i næringsnettverket (nettverk av næringssejfar i regionen) og hjå Visit Sognefjord.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar:

Sogn Regionråd

Prosjektleiing:

Ein av kommunane i Sogn (må gjerast nærare avtale)

Prosjektansvarleg:

Regionrådsleiar

Styringsgruppe:

Sogn Regionråd

Ressursgruppe:

Næringsnettverket og representantar frå ulike interessegrupper.

Samarbeidspartnere

Visit Sognefjord, kommunane, næringsliv.

Aktivitetar

1. Forankring og administrasjon
2. Definere merkevara Sogn
3. Utarbeide profilen til Sogn
4. Avklare forvaltning, eigarskap og vidareutvikling av merkevare og profil.

Målgrupper

Næringslivet: Næringsorganisasjonane og store einskildverksemdar

Offentlege arbeidsgjevarar: Statlege og regionale føretak

Kommunane: Administrasjonane, særleg personar rekrutteringsansvar, og politikarane

Forskings- og utdanningsinstitusjonane

Frivillig sektor: Særleg bygda-/grendelag og store organisasjonar

Resultat

Ferdig utvikla grafisk profil og merkevare.

Effekter

Sogn er godt kjent som ein av dei mest attraktive regionane i landet for å bu, skape næring og besøke, og har eit tydeleg og sterkt omdøme.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

- 1 Vedtak om igangsetting 14/6-19
- 2 Økonomiske rammer avklara 31/10-19
- 3 Planen kvalitetssikra og justert 15/10-19
- 4 Val av eksterne leverandørar gjort 15/11-19
- 5 Merkevara Sogn definert 28/02-20
- 6 Grafisk profil ferdig 31/5-20
- 7 Avklare forvaltning, eigarskap og videreutvikling 30/6-20

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eksternt tenestekjøp design og prosessleing	50 000	450 000				500 000
Profilmateriell/nettside/innhaldsproduksjon		500 000				500 000
Prosjektleing	50 000	250 000				300 000
Sum kostnad	100 000	1 200 000				1 300 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Midlar frå kommunane og Sogn Regionråd	400 000					400 000
Tilskot gåve bank	300 000					300 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	500 000					500 000
Visit Sognefjord	100 000					100 000
Sum finansiering	1 300 000					1 300 000

Merk: Kommunalt bidrag - ikkje bruk av næringsfond med midlar frå fylkeskommunen.

Geografi

1416-Høyanger, 1417-Vik, 1418-Balestrand, 1419-Leikanger, 1420-Sogndal, 1421-Aurland, 1422-Lærdal, 1424-Årdal, 1426-Luster

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Prosjektplan - felles merkevare og profil for Sogn .docx	53 856	30.08.2019